



Researcher

Forskar

Ved Det medisinske fakultet, Klinisk institutt 2, er det ledig ei fast stilling som forskar (100 %). Stillinga er eksternt finansiert av Bergens forskningsstiftelse (BSF) og Universitetet i Bergen, og er for tida knytt til prosjektet "DiaCell - Discovery of novel biomarkers for neurovascular complications in patients with diabetes using targeted patient-derived cell approach". Prosjektet har ei førebels finansiering i to (2) år. Stillinga er lokalisert ved Senter for diabetesforskning (<http://www.uib.no/en/diabetes>).

Om prosjektet/arbeidsoppgåver:

Norden har den høgaste førekomsten av type 1-diabetes i verden. Pasientar med diabetes har alvorleg redusert livskvalitet og funksjonshemmingar på grunn av økt risiko for makro- (kranskarsjukdom) og mikrovaskulær (nephropati, neuropati og retinopati) komplikasjonar. Hovudformålet med prosjektet er å løyse kausal molekylære mekanismar som er ansvarlege for beskyttelse mot diabetiske auge og nervar. Vi ser etter ein erfaren og dyktig cellekulturforskar med molekylærbiologisk bakgrunn. Kandidaten vil arbeida i eit internasjonalt forskingsmiljø innan studiar av diabetes ved Senter for diabetesforskning og i samarbeid med Lund universitet, Sverige.

Arbeidsoppgåver:

- kandidaten vil ha ansvar for å designe og optimalisere av metodar for in vitro-eksperiment på primære celler avleia frå pasientar med og utan diabetiske komplikasjonar som involverer iPSC-avleide retina organoider.
- å designe og utføre gen editering og farmakologisk inngrep for å undersøke nye biomarkørar, ved bruk av pasientar sine iPSC-avleide retinale organoider.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

- søkjar må ha relevant norsk ph.d.-grad eller tilsvarande doktorgrad innan molekylærbiologi med erfaring i CRISPR genom redigering og transcriptomics analyse
- det er eit krav at søkjaren har erfaring med omprogrammering i stamcellelinjer frå pasientprøver
- erfaring frå stamcelledifferensiering og organoid danning vil og verte tillagt stor vekt
- det er eit krav at søkjaren har erfaring innan histologiske teknikkar, spesielt augehistologi og augeanatomi
- fortrinnsvis med bakgrunn frå utviklingsbiologi og kunnskap i nevrouvikling
- det er ønskjeleg at vedkomande har erfaring med rettleiing, undervisning og utarbeiding av prosjektsøknadar
- evne til sjølvstendig initiativ og evne til samarbeid vert vektlagt i vurdering av søkjarane
- kandidaten må ha høg arbeidskapasitet og entusiasme for forskning
- søkjar må vere særers god i munnleg og skriftleg engelsk og norsk
- det er ein føremon om kandidaten har erfaring frå internasjonalt samarbeid

Vi kan tilby:

- eit godt og utfordrande arbeidsmiljø i forskingsfronten innan diabetesforskning.
- løn etter lønssteg 59 - 62 (kode 1109/lønsramme 24.3 - 24.6) i lønsregulativet til staten ved tilsetjing, for tida 523 800 - 552 800 kr brutto pr. år for ei fulltidsstilling, vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga
- medlemskap i Statens pensjonskasse
- gode [velferdsordningar](#)

Søknaden skal innehalde:

- eit søknadsbrev der du skriv om din motivasjon, kvifor du søker stillinga og kvifor du passer til denne
- ei oversikt over utdanning og arbeidserfaring (CV)
- attesterte kopiar av vitnemål og relevante attestar (Søkjarar med utanlandsk utdanning må leggje ved både vitnemål på original språket og autoriserte omsetjingar)
- publikasjonar, vitenskaplege/faglege arbeid du ønskjer at det skal takast omsyn til ved vurderinga (maks 10 i pfd) og ei liste over desse
- doktorgradsavhandlinga (pdf)
- to referansar (namn og kontaktinformasjon)

Det er særers viktig at kvart av dei vitenskaplege arbeida som det skal takast omsyn til ved vurderinga i sin heilskap vert lasta opp som pdf vedlegg til søknaden.

Følgjande premissar er lagt til grunn for stillinga som forskar:

- forskaren skal vere medlem i forskingsgruppa som fagfeltet høyrer inn under
- lønsutgiftene skal om mogleg vere 100 % eksternt finansiert
- forskaren skal aktivt bidra med å innhente eksterne prosjektmidlar til fagmiljøet, til
- både seg sjølv og andre, frå Norges forskningsråd (NFR), EU og andre kjelder

- det er forventa at forskaren har sin forskingsaktivitet finansiert av prosjekta forskaren og forskingsgruppa rundt forskaren arbeider med
- instituttleiar kan pålegge forskaren arbeid inn mot bestemte forskingsprosjekt
- forskaren kan inneha verv, delta i komitear, utval m.m. innan Universitetet i Bergen
- forskaren har ikkje undervisningsplikt, men forventas å rettleie master- og ph.d.-
- studentar i den grad dette inngår som ein naturleg del av forskingsaktiviteten i
- forskingsgruppa
- forskaren kan søkje kompetanseopptrykk etter reglementet for opptrykk
- grunnlaget for stillinga opphøyrer dersom prosjektfinansieringa opphøyrer, og ny lov om statens ansatte mv. om oppseiing og fortrinnsrett vil gjerast gjeldande for fast tilsette

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til prosjektleiar, professor Valeriya Lyssenko, tlf.: +46 73 042 73 52 eller e-post: Valeriya.Lyssenko@uib.no

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitskapelege stillingar.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følge, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Om Universitetet i Bergen

Universitetet i Bergen er ein anerkjend utdannings- og forskingsinstitusjon, organisert i sju fakultet og omlag 54 institutt og faglege senter. Campus ligg i sentrale delar av Bergen med universitetsområde på Nygårdshøyden, Haukeland, Marineholmen, Møllendalsveien og Årstad.

Det medisinske fakultet består av fem institutt og sju senter. [Les meir om fakultet](#) og [tilhøyrande institutt](#).

Jobbnorge-ID: 173214, Søknadsfrist: Søknadsfristen er gått ut